

Fleire nye hus skal byggjast

01.02.2012

Fleire nye hus skal snart byggjast i Uskedalen, ikkje berre i dei nye felta som samla inneheld det største nye tilbodet i kommunen. Eitt på Ytre Eik er på gang og det er også eitt i sentrum. Og fleire kjem.

Til dømes har Ingrid og Frode Bu på Ytre Eik fått igangsetjingsløyve for oppstart av grunnarbeid og grunnmur for eit frittliggjande bustadhus. Byggpartner Kvinnherad er ansvarleg søkjar.

Løyve for resterande arbeid kan først godkjennast når reguleringsplanen er behandla og godkjend men grunnarbeidet kan setjast igang straks.

Handsaminga av bustadprosjektet for Else Djuve og Sigurd Arne Arnesen går vidare. Dei har søkt om rammeløyve og kommunen har svara ved mellom anna å vise til vilkår frå Statens vegvesen om fysisk stenging av privatvegen nær avkøyrse til bustadtomba.

Det synest som vegkontoret såleis vil hindra gjennomkøyring av vegen og at det vert ein blindveg, skriv saksbehandlar Jon Harald Kjærland. Han peikar på at dei øverste eigedomane då må køyra opp til fylkesvegen og frå tomte ned til Beinavikjo. Her må de finna ein løysing som vert akseptabel for vegbrukarane og vegkontoret. Ein låsbar bom kan vera ei løysing meiner Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen